

BOKN BYGDEBLAD

NR. 5 - JUNI 1989

ÅRG. 4

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

BOKN-FERJA FOR LITEN STØRRE FERJE INN FRÅ 19.JUNI


Den siste tida har det etter måten vore store køar i ferjesambandet Kopervik-Bokn. Dette har skapt store problem for næringslivet i Bokn kommune. Både for bilar med be- ikkje kan venta særleg lenge, er dette eit stort problem.

Reidar Mæland ved Vegkontoret i Rogaland opplyser til Bokn Bygdeblad at frå 19.juni i år vil M/F "Rennesøy" bli sett inn i ferjesambandet Kopervik-Føresvik. Denne ferja har ein kapasitet på 32 personbilar.

Bokn kommune har konferert med Vegsjefen og DSD om dette problemet, og skriftleg gjort greie for det.

M/F Bokn vil då gå inn som suppleringsferje i Høgsfjord-sambandet.

Denne ordninga vil førebels gjelda fram til 1.oktober i år.



NY SKULESJEF I BOKN

1.april i år fekk Bokn ny skulesjef.Det er Dag Halvorsen frå Tysvær som vart tilsett i denne stillinga etter Svein Vea som sluttar ved utgangen av 1988.

Dag Halvorsen har lektorutdanning frå Universitetet i Oslo,med realfag som matematikk og fysikk som viktigaste fag.

Etter utdanninga har han hovedsakelig arbeidd i skulen som lærar både i Skien,Oslo og Sandnessjøen.

Til Tysvær kom han i 1976 som undervisningsinspektør ved Tysværvåg barne- og ungdomsskule,og var der til 1985 med eitt års avbrot som rektor ved same skulen.
I 1986 begynte han som pedagogisk konsulent ved skulekontoret i Tysvær.

Oppveksten sin har Dag stort sett frå Skien,men familierøtene har han frå Rogaland,dvs. Stavanger,Jæren og Ryfylke.Det var difor nokså bevisst at han sokte seg til Rogaland i 1976.

I Tysvær har Dag kone og 3 barn.
Barna er gutter frå 8 - 16 år.Familien bur på Hundsnes nord for Hervik, og har slått rot der.

For tida er Dag Halvorsen dagpend-

lar med bil og ferje.Pendlinga vil bli mykje enklare når bruene blir ferdige.Då vil det bli noko over 3 mil kvar veg til og frå arbeid.Dag ser fram til den dagen når han kan kjøra til Tåganesh og ta ferja over Boknasundet.

Dag seier at sjølve arbeidet er hovedinteressa hans.Utanom dette er det mykje ungane som med sine hobbyar er med og styrer noko av kva som skjer i fritida.Sidan eldste guten har orientering som si store fritidsinteresse,går det mykje tid til dette.
Dag Halvorsen er elles medlem av Tysvær kommunestyre og hovedutval for helse- og sosial.

Til Bokn Bygdeblad fortel Dag at han kjende heller lite til Bokn før han sokte arbeid her.Det var sjølve jobben som skulesjef med utfordringane i arbeidet som interesserte.Utviklingsarbeid i skulen er eit viktig felt med ringverknader for både elevar, lærarar og lokalsamfunn.I ein mindre kommune,og med eit så entusiastisk personale,ligg tilhøva godt til rette for ei positiv og god utvikling ved skulen.

Også sjølve skulebygget er åpent med høve til vidare utvikling og utbyggjing.

RA

OGNAHABN - OMRÅDET VERT FRILUFTSOMRÅDE

Det er frå Staten løyvd midlar til kjøp av Ognahabn-området til regionalt friluftsområde.

Det er Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd som vil utarbeida planar for tilrettelegging av området.

Bokn kommune skal medverke til å setja i stand området ved å byggja 3 ferister.For dette arbeidet vil kommunen få utbetalt kr.50.000,- frå friluftsrådet.

Bokn kommunestyre skal godkjenna avtalen om byggjing av 3 ferister.


Fiskeskjøyta "HAVHUG"

Den hadde nummeret R-1-B. Det var Elisæus Vatnaland som kosta denne skjøyta i 1935.

Bygdabladet har fått ein del opplysningar av Einar V. sonen til Elisæus.

Han fortel den var bygd i 1913 ved Flekkefjords-kanten, var 40 fot og med 24 Rapp motor. Det var i Åna Sira faren kjøpte den, då hadde den navnet "Sirulven".

Den blei brukt til brisling - sei og sildefisket. Faren var aldri mannskap sjølv på den. I fleire år var det bror og svogerens hans, Jens Vatnaland og Jens M. Are som dreiv fiske med den. Nils Vatnaland var og mykje med. Då låg den mykje på vestre Ars-vågen. Etter nokre år fekk dei Ånen Øvrebø til å byggja nytt "styrehus" og dekk på den. Og i krigen skifta dei ut nye "rekker". Då var det så vanskeleg å få tak i material, seier Einar, at dei måtte hogga til noko fra eigen skog på Trosnavåg.



Kvar haust i mange år gjekk dei med "Havhug" til Karmlund-Mølle på Avaldsnes med korn (Melleren), og kom heimatt med havremjøl og havregryn i sekker. Dei av boknerane som hugsa denne tida, kjenner nok smaken av desse havregryna den dag i dag.

Omkring 1950 var det dei 3 sønnene til Elisæus som overtok "Havhug". Og dei dreiv med fisket fram til slutten av -50 åra. Då blei den kondemnert. Styrehuset av den står framleis attmed sjøhusene i Trosnavågen.

Liv V.



KUNNGJERING

I samsvar med § 16 i plan- og bygningslova kunngjer ein at arbeidet med hytteplan for Bokn kommune er sett i gong.

Interesserte kan koma med innspel til planen. Ein vender seg til Bokn kommune, 4290 Føresvik, skriftleg, ved personleg frammøte på Boknatun eller i tlf. 74 85 00

Rådmannen

BOKN KOMMUNE FÅR KR. 118.000,- FRA STATEN

Staten har gitt ei tilleggsløyving i rammetilskotet til kommunane på 350 mill. kroner for 1989. Av dette får Bokn kommune 118.000,-.

Ovafor kommunestyret har formannskapet tilrådd at desse midlane vert nytta til å auka utgiftsposten "Avsett til tilleggsløyvingar".

SKULEN PÅ AUSTRE BOKN

BLIR FORSAMLINGSHUS FOR HEILE BOKN

For ei tid sidan ga Bokn kommune den gamle skulen på Austre Bokn til dei tre bedehus-organisasjonane i Bokn. Desse er nå kome godt i gong med å planleggja og gjera i stand det nye Bokn Bedehus på Austre Bokn. Frå tidlegare oppsparte midlar, basar i fjar m.m. har dei alt sett i gong arbeidet med å gjera skulen i stand til eit nytt forsamlings- og aktivitetslokale.

Det er Leiv Väga, formann i bedehusforeninga, som fortel dette til Bokn Bygdeblad.

I hovedetasjen skal det vera forsamlingssal. Den er nå på veg til å bli ferdig. Ein vegg er neddriven, og veggene er nå panelt/plata. Noko tapet og malingsarbeid står att.

Vidare skal det i same etasjen bli eit mindre klubb/foreningsrom.

I første etasje skal det bli eit aktivitetsrom som også kan brukast til matservering.

I tillegg skal det vera kjøkken i denne etasjen, så det blir nødvendig med ein mindre påbyggjing.

Det skal elles byggjast ut m.h.t. nytt inngangsparti og 2 toalettrom. Dette skal tilpassast funksjonshemma.

Sjøl om bedehuset skal驱tra tradisjonelle aktivitetar, vil ein etter det Bokn Bygdeblad forstår, også satte noko på nye aktivitetar i dette huset.


Vi minner om Bokn Sanitetsforening sin basar fredag den 2.juni på Bokn skule.

ER DU REISEKLAR?

SÅ START REISEN I SR-BANK
VI ORDNER MED PERSONKORT (VISA)
VALUTA
REISESJEKKER



SR-BANK Bokn



Teikna av Harald

Desse to dikta er henta i frå 6.klasse si klasseavis.

FRAMTID

Vår framtid er stor,
med bruа skal du tro.
Med støy og bråk av bilar.
Att og fram heile tida.

Viss vi tenkjer,
så skal det bli flott
med bruа.

Tenk å kunna
køyra att og fram heile tida.

Christine

BOKN BRU !

På Bokn er det bra å bu,
for snart får me ei bru.
Me kan køyra der me vil,
uten å betale for personar og bil.

Laga av Kjell Arne

4.KLASSE PÅ TUR TIL UTSTEIN KLOSTER

Torsdag 11.mai reiste 4.klasse til Utstein Kloster. Me reiste klokka ti, og kom heim kloakka halv tre. Me reiste med Rune Vatnaland sin båt. Alle måtte ha med rednings-vest. Reisa blei litt lang, så me spelte kort heile vegen. Det var fint ver då me reiste. Då me kom på land, måtte me gå ein lang tur før me kom fram til klosteret. Rune var med heile vegen.


Då med kom til Utstein Kloster blei me vist rundt av Marit Cammer. Ho vi-ste oss rundt kossen dei levde i

klosteret før i tiå. Me fekk sjå kjøkkenet, spisestua, kyrkja og mykje anna. Me gjekk opp i eit tårn med ei lang og smal trapp. Det var litt ekkelt å gå opp i den. Midt i klosteret var det ein open plass. Der dyr-ka dei mat og urter. Klosteret er la-ga av murstein. Kyrkja er gammal. Det var kjekt å vera på besøk i klo-steret.

Hilsen

Johnny, Stephan, Emma og Grete

FORELSK~~K~~ I BOKER



OPNINGSTIDER:
TIRSDAG: 10-13
TORSDAG: 16-19

BARN OG UNGDOM

*Montgomery, Lucy Maud:

Annes drømmehjem, Anne og regnbuedalen,
Anne og Marilla.

*Eriksson, Åke:

Bestevenner.

*Næss, Inger:


Barnas dyrebok.

*Frank, Anne:

Anne Franks dagbok.

*Hansen, Erik Niels:

Brevdua.



LESETIPS FOR JUNI

*Thorup, Kirsten:
Himmel og helvete.

*Spang, Michael G.:
Spionen.

*Erskine, Barbara:
Lady of Hay 1 og 2.

*Erdrich, Louise:
Spor.


*Dahl, Willy:
Arnulf Øverland.



BIBLIOTEKET

YNSKJER ALLE GOD SOMMAR!

PRESENTASJON AV LAG OG FORENINGAR
Fritidsklubben
PETRA



PETRA er ein ungdomsklubb med adgang for elevar frå 6 - 9 klasse.

Dei held til i kjellaren på gamle Kyrkjebygd skule, og har ope kvar torsdagskveld.

Aktivitetane er m.a.: Biljard, bordtennis, konkurransar, spel og dans.

Foreldre er vakter etter oppsett vaktliste.

I 1988/89 er dette styret: Jan Oscar Larsen, Malin Taraldlien, Torunn Bokneberg, Gudny Sæbø og Jarle Jøsang.

Inngangspengar er kr. 5,- for medlemmer og kr. 10,- for andre.

Det er foreldrevaktene pluss dei tre elevane i styret som ser til at det blir vaska og rydda etter klubbkveldane. Klubbkveldane varer til kl. 21.30.

PETRA har kvart år Grautfest ved juletider, og då har dei levande musikk.

**NY FORSKRIFT OM
HUSDYRGJØDSEL**

Det er fastsett nye forskrifter om husdyrgjødsel som gjeld for lagring og spreing når det kan medføra forureining av grunnvatn, vassdrag og sjøen. Forskrifta gjeld også for lagring og spreing av husdyrgjødsel på areal i nærleiken av bustader når dette kan medføra vesentlege luktulemper.

Viktige endringar i høve til tidlegare forskrift er:

- Det skal vera tilstrekkeleg disponibelt areal for spreing av husdyrgjødsel, normalt minimum 4 dekar fulldyrka jord pr. gjødseldyreeining.
- Det er ikkje tillete å spreia husdyrgjødsel på frossen eller snødekkja mark.
- Husdyrgjødsel spreidd på åpen åker må moldast ned straks etter spreiring.
- Spreeing utan nedmolding på eng må skje så tidleg i vekstsesongen at det er muleg med betydeleg gjenvekst som haustast eller beitast.
- Miljøverndepartementet kan i samråd med Landbruksdepartementet bestemma at det innafor bestemte nedbørdfelt ikkje skal vera tillete å spreia husdyrgjødsel utanom vekstsesongen.
- Det skal tas rimeleg hensyn til luktulemper ved spreiling av husdyrgjødsel i nærleiken av bustader.
- Ved nybygging, utviding og utbetring av gjødsellager skal tekniske retningsliner fastsett av Landbruksdepartementet fylgjast. Plan må vera godkjend av fylkeslandbrukskontoret før arbeidet kan gjennomførast.
- Før gjødsellager/anlegg for husdyrproduksjon tas i bruk etter nybygging, utviding og større utbetring, skal gjødsellageret/anlegget for husdyrproduksjon vera kontrollert av Fylkeslandbrukskontoret eller den kontoret gir fullmakt.

ÅRSMELDING FRA BOKN SOKNERÅD 1988

Soknerådet har i denne perioden desse medlemmene: Solveig Ognøy, Leif Våga, Andreas Borgenvik, Solveig Våga, Hannemor Alvestad, Ingrid Håland.

Soknerådet har handsama 32 saker.

Me har tenerar i alle dei kyrkjelege stillingane. Graving og slåing er delt mellom kyrkja og kommunen på ein annan måte enn før. Ordninga er god og dei som jobbar der held god orden.

Det er i år grave ei grøft på kyrkjegarden, fordi grunnvatnet hadde stoppa opp. Dette vatnet er no ført inn på hovedkloakken til Føresvik.

Arbeidet med den nye kyrkjegardsparsellen er komen eit slag vidare. Kommunen har fått til ein avtale om byting av jord med Kjell Terje Bryningsland.

Soknepresten held no på med å laga eit forslag til organisasjonsplan slik at kyrkja kan fungera i kommunesamanheng som tida krev.

Kyrkja vår er i god stand. Me vas-ka henne utvendig i haust og bårehus og toaletbygget vart måla.

Bernt Alvestad har vore å skifta mikrofonane på høgtalaranlegget og kontrollert teleslynga slik at alt fungerar.

Ein komité med prost Ivar Ramvi som formann har arbeidd med prosti og prestegjeldsgrenser i bispedømet. Reguleringane førde til desse justeringane i nordfylke. Tysvær prestegjeld vart flytta til Ryfylke og heiter no Nordre Ryfylke prosti.

Nedstrand vart lagt til Tysvær prestegjeld. Soknepresten i Nedstrand vart til res.kap. i Tysvær. Vår Frelsers menighet i Haugesund måtte gje frå seg 10 gudstenester i året v/Geir Torgersen.

Prestane våre "står på" og dei har laga ein plan slik at alle kyrkjene i prestegjeldet nå får gudsteneste annan kvar sundag i vinterhalvåret.



Diakoninemda gjer ein god jobb for gamle og einsame. Ca. 20 besøkjarar har kvar sine dei går til. I tillegg vert sjukestova vitja kvar 14. dag.

Kyrkjeruta og kateketen held fram med sendingane på nærradioen, og soknerådet har også i år kjøpt aksje i Radio 102.

Soknepresten har hatt bibeltimar med oss. Emnet var "Visst skal jorden bli ny".

Bibelgruppene er i gong og der er det alltid plass for nye deltagarar.

Utanom dei faste tenestene har presten Boknadag kvar 14. dag. Kontoret er på Boknatun.

Pengane i soknerådskassen vart brukte til m.a. dette:
Hovudboka for prosjektet "Hjemme nes Dåpsring" får foreldra i gave ved dåpssamtalen. Så deler me ut brosjyrer til 1, 2 og 3 års dåpsdag. Vidare får barna "Mi kyrkjebok" på fire års dåpsdag. Seinare får 4. klasse "Godt Nytt". Dei som gifter seg i Bokn kyrkje får ein Bibel og Siggen Myhre si bok "Ekteskapet ei gave og ein oppgave".

Det kom inn 38.970 kr. i offer og kollektar.

Kyrkjesøknaden er bra sett i forhold til resten av landet ca. 12%.

Det som er soknerådet si hovedpine er rekrutteringa til kristenflokkene. Kvifor er ikkje Bibelen populær lesnad?

Himmel og jord skal forgå men Bibelens ord skal aldri forgå.

Smaka og sjå at Herren er god.

Kva tyder FØRESVIK??

Har du kje stundom lurt på kva Føresvik tyder? Ennå verre er det å skjøna kva som skjuler seg bak namnet Are, for ikkje å tala om Ogn. Det er namn som omgjev oss og som me brukar dagleg for å stadfestा noko. Men kvifor fekk desse stadene nett slike namn? Kva meinинг har dei?

I dei komande nummera av bygdebladet, skal me koma inn på nokre av dei vanlegaste stadnamna i Bokn og prøva å finna ut kva dei tyder og kan skje også nokre andre opplysningar om fortida til desse stadene. Hovudkjelda for stoffet om stadnamna, er "Gaardnavne i Stavanger Amt" av Magnus Olsen. Namna vil bli presenterte etter matrikkelnummer.

Me starta artikkelsieren med sjølve kommunenamnet og held fram etter matrikkelnummerna. Det vil seie at me startar med Ogn, held fram med gardane på Austre Bokn, går så i land på Sæbø og tek Vestre Bokn for oss til me hamnar på Aukland.

BOKN

På gamle hanseatiske kart frå seinmellomalderen, sto Bokn nemnd som "Buck van See". Det karakteristiske Boknafjellet er det høgaste punktet langs kysten frå Sirevåg i sør til Røvær i nord. Det var difor eit særsviktig seglingsmerke både for hanseatane og andre sjøfolk. Heilt sør til

Årrestad i Hå på Jæren kan dei sjå fjellet og elles viser det sju åtte mil ut i havet.

Språkforskarane har grunna mykje på kva namnet tyder. Tidleg blei dei klar over at det var eldgammalt, kanskje opp til 3-4000 år gammalt. Det er såleis mellom det eldste språktilfanget i landet. Dei fyrst skrivne formene er likevel fyrst frå 11-1200-talet, og er mellom anna å finna hjå Snorre. Han skreiv namnet "Bokn", nett som i dag. Og dette var nok også uttalen alt i mellomalderen.

Etter kvart har forskarane samla seg om at "Bokn" er ei gammal sideform av det oldhøgtske bouuhan som tyder "sjømerke". Dette er den språklege forklaringa som ligg nærmest. Samstundes høver ho med den funksjonen øya hadde for sjøfolka. Dei som gav øya namnet, var altså framandfolk som segla framom og ikkje dei som sjølv budde her. I teorien kan faktisk namnet vera eldre enn dei fyrste bufaste menneska på øyane her.

Slik er det med namna langs leia: nokre blei gitt av ferdafolket, andre av dei bufaste. At det var slik, kan me sjå av at landformasjonar fekk namn etter korleis dei tok seg ut frå sjøen. Eit typisk døme er Bjørheimskjeften i Strand.

Birger Lindanger

"FREM FRA GLEMSELEN"

Tidlegare i vår sette Bokn Folkebibliotek i gong ein aksjon for å få inn bøker som er sakna av biblioteket.

Aksjonen har gått føre seg slik at det er sendt ut brev frå biblioteket til låntakarar som kan ha tidlegare lånte bøker ligggjande heime. Det dreier seg om nokså mange bøker som ofte ved ei forgøyning ikkje blir levert inn til biblioteket. Ein god del bøker er alt kome inn til biblioteket, nokre heilt tilbake frå 1960-talet. Dette syner at det kan vera lett å gløyma, og ein håper frå

biblioteket si side at folk tar denne aksjonen sporty, og prøver å leita fram dei bøkene som vert etterlyst.

Aksjonen pågår framleis, og brev med etterlysingar går framleis ut.

Seinare vil biblioteket få utplassert ein bokkasse på ein sentral stad i Boknatun. Her kan ein levera inn lånte bøker utanom biblioteket si åpningstid.

DATAUTSTYR TIL KOMMUNEN

Utvalet har følgjande mandat:

- vurdera kommunen sitt vidare behov for EDB
- framtidig tilknyting til Rogalandsdata A/S
- vurdera maskintyper og programvare
- økonomisk vurdering av ulike alternativ m.h.t. investering og drift.

Innhenting av anbud, vurdering av tilbud og kontraktsforhandlingar med EDB-leverandør, skal skje på eit uforpliktande grunnlag for Bokn kommune.

Endeleg utarbeidd EDB-plan med forslag til val av EDB løysing og kjøp av EDB-utstyr med økonomiske konsekvensar, skal leggjast fram for kommunestyret.

Bokn kommune har avsett midlar til innkjøp av nytt datautstyr til den kommunale administrasjonen.

På grunn av at tilbud på utstyr og program er stort og uoversiktleg, og fordi det har vist seg vanskeleg utan nærmere utreingsarbeid å sjå kva behov ein har for nytt datautstyr, har formannskapet vedtatt å setja ned eit EDB-utval for utarbeiding av ein EDB-plan for Bokn kommune.

Utvalet har desse medlemmene:

Formannskap
Rådmann
Etatsjefar
Kommunekasserar
EDB-tillitsvald

INFO FRA IDRETTSLAGET

Det er hengt ut 20 turorienterings-poster i området omkring Hognåsen og Are. Ta en tur når du vil frem til 1.august. Konvolutter med kart og postbeskrivelser er lagt ut til salg på Handelslaget og hos Steinar Alvestad. Pris: Kr.20,-. Fullførelse av alle postene gir rett til turorienteringsmerke i gull.

Det vil bli arrangert nybegynner-kurs i orientering den 12., 14. og 15.juni kl.18.00. Kom og bli med, både små og store, og lær dere orientering, en sportsaktivitet som passer for alle.

Orienteringsgruppa har deltatt på stevner i Haugesund, Ølen og Kopervik. Skal til Tysvær lørdag den 3. juni. Det har blitt gode plasseringer i de forskjellige aldersgruppene.

Fotballen ruller for fullt, men mest inn i Bokn's mål når det gjelder lilleputter og gutter. For A-laget går det meget bra, ett tap, ett uavgjort og 2 seire så langt.

B.I.L. arrangerer dans på Bokn skole lørdag den 3.juni. Musikken besørges av "Tress" fra Bergen.

NY ORGANISASJONSPLAN

FOR BOKN KOMMUNE

I kommunestyret den 11.april 1989 vart ny organisasjonsplan for Bokn kommune vedtatt med 14 mot 3 røyster. Planen hadde vore oppe til behandling i kommunestyret den 21. februar, men fekk då ikkje 2/3 fleirtal.

Det er rådmannen saman med etatsjefane som hadde utarbeidd framlegget til ny organisasjonsplan.

Hensikten med ny organisasjonsplan er at kommunen skal kunna fungera på ein tenleg måte både sett frå dei tilsette og frå publikum si side.

I kommunestyret sitt endelege vedtak heiter det at når det gjeld nye stillingar, skal sentraladministrasjonen prioriterast, men at ein ikkje vil ta endeleg stilling til dette før ein har vunne erfaring med endra saksbehandlingsrutiner etter innføring av EDB.

Stillinga ved formannskapskontoret er endra til avdelingsleiar som skal ha ansvar for tilrettelegging og koordinering av arbeid på formannskapskontoret og i ekspedisjonen.

Det er elles vedtatt at kontorpersonalet bør få auka ansvarsområde og justert løn i samsvar med nye opprykksreglement.

I fylgje planen skal kontorfullmektingstillinga ved skulekontoret også kunna nyttast i sentraladministrasjonen m.a. ved ferieavvikling og til ein viss grad til sentralbord og andre gjeremål.

Eit utval skal vurdera stillingsheimlane for sjukestova/open omsorg.

Det låg m.a. inne forslag om omgjering av skulesjef/rektorstillinga til rein skulesjefstilling. Av økonomiske grunnar skal dette vurderast på ny i samband med rullering av planen. Det same gjeld forslag om opprettning av ny deltidstillingsstilling som kultursektretær. Dette skal vurderast på nytt i samband med rullering av organisasjonsplanen. I den utstrekning tida tillet det, skal biblioteksjef kunna gjera anna arbeid for kultursektoren, bl.a. saksbehandlingsarbeid.

To nye stillingar som organisasjonsplanen legg opp til er alt oppretta. Det gjeld m.a. deltidstillingsstilling som fritidsleiar som er utlyst, og ny stilling som ingeniør ved teknisk etat som er tilsett.

Stillingsnemningane for kommuneingeniør og helse- og sosialleiar vart endra til henholdsvis teknisk sjef og helse- og sosialsjef.

SAMARBEID MED TYSVÆR

Bokn formannskap har den 2.mai behandla to saker om samarbeid mellom Tysvær og Bokn. I helsesektoren gjeld det lege- og fysioterapiteneste, og i kultursektoren bibliotektenester.

Formannskapet stiller seg positive til at administrasjonen tek opp forhandlingar med Tysvær kommune når det gjeld legetenester og fysioterapitenester.

Før ein tek kontakt med Tysvær skal ulike løysingar for legevaktordning/sjukepleiarar i førsteline-

teneste i Bokn kommune vurderast, m.a. ut frå økonomiske kriterier.

I saka om bibliotektenester var det spørsmål om kjøp av biblioteksjetenester, då det har vore vanskeleg å få tilsett biblioteksjef med godkjend utdanning i Bokn.

Formannskapet utsette denne saka til august, og ber administrasjonen nærare greia ut kva tiltak som kan setjast i gang for å styrka bibliotektenesta i Bokn, og nærmere presisera kva ein konkret får igjen til biblioteket i Bokn ved ein samarbetsavtale med Tysvær kommune.

B

ARRANGEMENT I JUNI

- 2.juni: Basar - Sanitetsforeninga
- 3.juni: Dans - Idrettslaget
- 5.juni: Kino
- 11.juni: Boknafestivalen

BOKN BYGDEMUSEUM Opningstider

Kvar sundag i juni, juli og august -
frå og med 4.juni til og med 27.august

kl.15.00 - kl.18.00

Dersom nokon har lyst å gå i museet
utanom opningstida, må dei venda seg
til Målfrid Kro Trosnavåg, tlf. 748355.

TIL SALGS

Interessert i á "mekka" på bilen?

Eg har serien "Fix bilen" komplett
(40 bøker + 5 permar) ubrukt til
salgs for ein billeg penge.

Jardar tlf. 748402

FOTPЛЕIE

Det vert fotpleie mandag den 5.juni.
Påmelding tlf. 74 85 00 snarast.

NB! Det blir ikkje fotpleie i juli
og august.

FYLKESSAMFERDSELS- STYRET I BOKN

Fylkessamferdselsstyret var torsdag
den 25.mai på befaring i Bokn for å
sjå på det nye riksveganlegget Su-
sort-Are.

Samferdselsstyret var både på Ognøy,
Austre Bokn og Vestre Bokn for å
sjå på anlegga.

SKOTPREMIE PÅ KRÅKE!

Ordninga med skotpremie på kråke i
Bokn er forlenga inntil vidare.
Skotpremien er på kr.8,- pr.kråke.
Det er vilt nemnda v/Annbjørn Sunde
som administrerer ordninga.

Kråka gjer stor skade på andre
fuglar sine reir, og røver store
mengder egg frå reir i ein kvadrat-
kilometers omkrins.

<p>TRELAST OG BYGGEFIRMA LANGDAG TIRSDAG DIN NÆRBUTIKK UTVIK AVALDSNES - Tlf. 643111 Nær riksvegen og kai</p>	<p>BOKN TEGNE- OG SALGSKONTOR RING SOLVEIG GUNDERSEN FOR AVTALE - TLF. 748501 TEGNING - BYGGESAKSBEHANDLING - FORSLAG TIL KJØKKEN - MANGE GODE TILBUD</p>
--	---